



Og så kom også nederlendarane til Uskedalen! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Innslaget av utlendingar i båthamnane i Uskedalen har vore heller tynt denne sommaren. Også tyskarana har stort sett svikta og nederlendarar har vi ikkje sett. Men i dag var dei på plass ved bølgebrytaren - ein smilande og fornøgd trio frå Haag.**

Det hadde hatt det dei sjølv kalla ein eventyrleg rundtur i Hardangerfjorden under dette aller første besøket i Noreg. Vi fekk inntrykk inntrykk av at noregsferda knapt kunne ha vore meir vellukka.

Med den 10 år gamle båten Timshel (som er hebraisk og tyder 'eg kan' ) sigla ei gruppe direkte frå Nederland til Haugesund. Bergen var neste stopp og der plukka far Derk (statsansatt) opp kona Toos (lærer) og dottera Maud (student) som kom luftvegen.

I Hardanger satsa dei på basene Jondal og Eidfjord, og var med i diverse aktivitetar på Folgefonna og i Måbødalen. Ski og sykkel var der veileigna framkomstmidljar.

På utoverturen vart Uskedalen ein fristande stopp då dei hadde lagt planar om å klatra opp på Englafjell. Men fjellturen vart avlyst fordi dei var for slitne etter hektiske og krevjande dagar.

Torsdag går difor ferda attende til Bergen der Toos og Maud tar flyet attende til heimlandet medan Derk får ombord eit nytt mannskap for seglturen heim.

Av Ola Matti Mathisen